



Kulturdepartementet

Vår referanse:
12/703/15/941/KUL/MEHH

Arkivkode:
FE-233


Dykkar referanse:

Dato:
02.03.2015

RAPPORT FOR DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN 2014

Rapport for bruk av midlar i 2014 tildelt frå den kulturelle spaserstokken i 2013

Både konserter, formidling og medverknad til musikk har vore populært blant bebuarane på Samnangerheimen. Det visar seg å vera spesielt kjekt når dei kan synga med på kjente songar. Samstundes har også meir nyskapande prosjekt skapa interesse. Lisa Nøttseter sitt dansesprosjekt *Denne stunden* er eit døme på dette. Bebruarar på heimen og dagsenterbrukarane er dei som har vanskelegast for å oppsøka kulturtilbod på eiga hand ,og vert difor høgast prioritert ut frå målgruppa. Hausten 2014 har Samnangerheimen vore i ein spesiell situasjon ettersom delar av den skal rivast, og byggast på nytt. Halvparten av pasientane bur i Samnanger kommune, mens den andre halvparten er flytta til sjukeheimen i nabokommunen Vaksdal. Mesteparten av aktivitetane har difor vorte utført i løpet av vårhalvåret. Det vert også lagt vekt på at alle aldrar i målgruppa 55+ skal kunna nytta kulturtilboda Samnanger kommune arrangerar gjennom Den kulturelle spaserstokken. I 2013 vart Samnanger Pensjonistlag støtta med midlar til underhaldning for sine opne møter. Tildelinga dekka møta fram til juni 2014. For hausthalvåret var det planlagt open konsert med "Solrenning", men den måtte utsetjast.



Konserten *Solrenning* i kyrkja på Ådland.

"Syng med oss" på Samnangerheimen, vårhalvåret 2014 kr 14 307

Syng med oss varar i ein skuletime, kvar måndag, på Samnangerheimen med musikkpedagog Anne-Lise Nesteby Tøsse. Her kjem både bebruarar og dagsenterbrukarar saman til aktiv medverknad i song og dans. Tilbodet er spesielt viktig for demente, som i denne stunda uttrykkjer gjenkjenningas glede. Det er viktig at Syng med oss kan eksistere som eit fast tilbod. Utan midlar frå DKSS kan ikkje tilbodet halda fram.

"Denne stunden" på Samnangerheimen, vårhalvåret kr 2 050

Denne stunden er eit danseprosjekt for eldre på sjuke- og aldersheim. Prosjektet er laga av og med dansekunstnar Lisa Nøttseter, for Den Kulturelle Spaserstokken. Prosjektet er utvikla i samarbeid med Bergen Dansesenter og Søreide sykehjem ved aktivitør Solfrid Næss. *Denne stunden* er korte improviserte førestillingar som vert skapt i møtet mellom dansar og bebruarar. Nøttseter, med sine bevegelsar og si utforsking av rommet og menneska ho møter, er motoren i førestillinga. Det nyskapande danseprosjektet til Nøttseter vart godt tatt i mot av bebruarane. Gjennom dansen og bevegelsane – og ein til ein kontakten med beuarane - skapa ho både nysgjerrigkeit, latter og utspel til ulike følelsar.

"Då sjøen var vegen" på Samnangerheimen, vårhalvåret kr 2 901

Framsyning av biletpelet "Då sjøen var vegen" ved Oddvar Soldal frå Hardanger Fartøyvernsenter. Biletpelet fortel om den store omveltinga frå sjø til land, sett gjennom augo til Gunnvald Wallevik (f.1923). Han var rundt 80 år då oppetaka var gjort. Mykje av bileta er teke av far til Gunnvald, fotografen Anders P. Wallevik, som fotografera mest frå 1905-1940. Etter framsyninga vart det samtalar me dei eldre der minne frå ferdsela på sjøen kom fram.

Arrangementet er del av ein turne gjennom *Kultur for eldre*: eit samarbeid mellom kommunane Fusa, Samnanger, Kvam og Os. Total kostnad er kr 11 606,-/ inkl. tilskot frå Hordaland fylkeskommune på kr 8 000. Kr 2 901 er Samnanger sin del av utgiftene.

"Så lenge skuta kan gå" på Samnangerheimen, vårhalvåret kr 8 548

Konserten "Så lenge skuta kan gå" er i utgangspunktet laga for dei eldre under den årlege musikkfestivalen Hardingtonar i Norheimsund. Konserten gjenspeglar dyktige musikarar og talentfulle born og ungdomar i eit flott samspel. Musikarane tek det eldre publikumet med seg på ei reise attende i tid kor dei kan kjenne seg att i musikken og tekstane, og kan framkalla bortgøynte minner. Repertoaret er songar som dei eldre kjenner godt.

Arrangementet er del av ein turne gjennom *Kultur for eldre*: eit samarbeid mellom kommunane Fusa, Samnanger, Kvam og Os. Total kostnad er kr 34 193,-/inkl. tilskot frå Hordaland fylkeskommune på kr 10 000. Kr 8 548 er Samnanger sin del av utgiftene.

"Trommesirkel" med Lars Kolstad kr 4 558

Trommelars samla deltararane (ca 10) rundt ei mengde trommer. Alle var involvert i spelininga på sin måte. Lars var oppteken av å få augekontakt med kvar og éin, og klarte på den korte tida å læra namna til alle. Han veksle mellom at alle spela ilag og at alle fekk prøva seg åleine. Det var meiningsa at Lars skulle ha Trommesirkel med både beuarane på Vaksdal og i Samnanger, same dag. Dessverre vart det kun beuarane på Vaksdal som fekk tilbodet ettersom ein uventa situasjon gjorde til at det ikkje var høve til å ta imot han i Samnanger.

Syng med, trø dansen, sving deg i valsen kr 1 300

Kulturformidlar Eva-Marie S. Toppe frå Folkeakademiet i Hordaland besøka

Samnangerheimen med programmet *Syng med, trø dansen, sving deg i valsen*. Her nytta ho blant anna folkesong, fele, piano og gitar. I løpet av hausten 2013 besøka Toppe Samnangerheimen ved to anledningar. Toppe vert svært godt motteken av tilskodarane som stemmer i med dei kjende tonane.

"Syng med oss" i Samnanger og Vaksdal, hausthalvåret 2014 kr 12 829

For at både pasientane i Samnanger og Vaksdal har skulla få glede av *Syng med oss*, vart det laga ein rullerande turnus fordelt på Hagakyrkja og Hamnahaugen i Samnanger, og Vaksdal sjukeheim. Kvar plass har fått ein time kvar tredje veke.

Til saman kr 46 493

Til rådighet 2014/Tilskot frå Kulturdepartementet 2013 kr 28 000

Med helsing

Arneved Soldal Lund
kultursjef

Meline Heimdal Haugland

Meline Heimdal Haugland
kulturkonsulent



Dansekunstnaren Lisa Nøttseter med *Denne stunden*

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune